

ROTSET BARNEHAGE

ÅRSPLAN



DEL 1

2025/2026



«Vi lærer saman i ein meningsfull kvardag»

INNHALD

☺ Forord	side 4
☺ Rotset barnehage	5
☺ Barnehagen sitt samfunnsmandat	6
☺ Føremålsføreseigna og verdigrunnlaget	6
☺ Livsmeistring og helse	7
☺ Vår visjon	8
☺ Barns medverknad	9
☺ Fellesskap og vennskap	9
☺ Omsorg, leik, læring og danning	10-12
☺ Inkluderande språkmiljø og ASK	12
☺ Barnehagen si dagsrytme	13
☺ Daglege gjeremål	14
☺ Greitt å vite	15-17
☺ Samarbeid med heimen	18-19
☺ Overgangar for barna	20
☺ Styring og samarbeid	21
☺ Barnehagen sine faglege samarbeidspartnarar	22
☺ Ord til ettertanke	23

Bruken av bilete i årsplanane er vilkårleg.

FORORD

Barnehagane er gjennom Lov om barnehager (Kunnskapsdepartementet, 2005) pålagde å utarbeide årsplan for drifta. Årsplanen skal vere eit grunnlagsdokument for personalet og eit utgangspunkt for samarbeidet med foreldra. Den skal gje konkret og profesjonell informasjon om barnehagen sitt pedagogiske arbeid til eigar av barnehagen, tilsette, kommunen, barnehagen sine samarbeidspartnarar og andre interesserte.

Årsplanen skal bygge på Rammeplan for barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017) og eigar sine retningslinjer for lokal tilpassing. Den skal også avspegle vedtektene sine eventuelle vedtak om føremål.

Vi har valt å dele årsplanen i to delar. Del 1 tek føre seg mål, normer og rammer for verksemda, medan del 2 viser det spesifikke innhaldet for arbeidet vi gjer saman med barna. I del 1 er det små endringar i frå år til år. Del 2 blir utarbeidd kvar haust på bakgrunn av barnehagen sine pedagogiske målsetjingar for året og barna sine føresetnader og interesser. I tillegg til personalet sin kompetanse blir også foreldra sine ynskje lagt vekt på i utarbeidinga av del 2.

Elles gjev årsplanen informasjon om kva de kan vente å møte som brukarar av barnehagen. Ta årsplanen fram og bruk den som ei oppslagsbok om tilbodet vårt.

Velkomen til barnehagen vår!

For personalet

Signe Moldskred
Styrar



ROTSET BARNEHAGE

Rotset barnehage er ein privat barnehage og er organisert som eit samvirkeføretak, og har som føremål å eige og drive barnehage i Volda til beste for medlemmane og barna deira. Føretaket skal fremje medlemmane sine økonomiske interesser, gjennom deira deltaking i verksemda som kjøparar av barnehagetenester frå føretaket. Føremålet er ikkje kapitalavkasting til medlemmane. Eventuelt overskot skal godskrivasst eigenkapitalen i føretaket.

Barnehagen ligg på Rotset ovanfor Volda sentrum, skjerma for trafikk og trafikkstøy. Vi er så heldige at vi ligg i eit flott naturområde med kort veg til skog, fjell og vatn. Det er eit rikt nærmiljø kring barnehagen med kort avstand til bondegardar, museum, skogen, fjøra, stadion, butikkar, servicebedrifter, bibliotek og skular. Gjennom naturopplevingar vil barnehagen bidra til at barna utviklar respekt for og tilhøyrslle til menneske, natur og nærmiljø. Dette miljøet er ei av våre rikaste kjelder til leik, utforsking og opplevingar.

Rotset barnehage er ein avdelingsfri barnehage med omlag 50 barn i alderen 1-6 år. Barna høyrer til ein fast base og vi har tre basar i barnehagen: Blåsenborg, Sagebakken og Presteholmen.

I vår barnehage har barna god plass å leike på. Vi har ingen avdelingar så heile barnehagen er i utgangspunktet open for alle barna. Romma i barnehagen har ulikt innhald og barna vel leikeaktivitet og rom ut frå sine ynskje. Dette gjer at leiken har stort fokus i kvardagen hjå oss. Dei vaksne som jobbar i Rotset barnehage er aktivt til stades i høve leiken, og arbeider medvite kvar dag for at barna skal få oppleve god og lærerik leik i barnehagen.

Rotset barnehage er bygd med tanke på å skape og legge til rette for eit spanande og utviklande leikemiljø for barna. Eit miljø som gjev glede, tryggleik, læring, vennskap og fysisk aktivitet.



BARNEHAGEN SITT SAMFUNNSMANDAT

"Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og leik og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling..."
(Lov om barnehager § 1)

Rotset barnehage er ei pedagogisk verksemd, der barna skal møte utfordringar og oppleve eit trygt, inspirerande og utviklande læringsmiljø på eigne premisser. Dei gode relasjonane er i høgsete og vi tilpassar dei ulike aktivitetane etter interesse, alder og modning. For oss er det viktig at barna skal få oppleve progresjon i innhald og aktivitetar dei åra dei er i barnehagen hjå oss. Foreldra har hovudansvaret for barna si oppseding, så god dialog med heimen er ein føresetnad for at vi skal kunne legge til rette for eit optimalt læringsmiljø slik at kvart enkelt barn får dei beste utviklings- og aktivitetsmoglegheitene.

VERDIGRUNNLAGET OG FORMÅLSFØRESEGNA

Rotset barnehage driv i samsvar med verdier i føremålsføresegna som er forankra i menneskerettane. Vi byggjer verksemda vår på verdier som **tryggleik, positivitet, respekt og fleksibilitet**. Gode relasjonar og det å skape eit godt psykososialt barnehagemiljø er i høgsetet hjå oss, og vi skal ha ei positiv haldning til kvarandre og menneska vi møter. Kvar og ein er unik og verdifull og skal møtast med ubetinga kjærleik. Fremjing av nestekjærleik er sentralt og vi jobbar for å motverke alle former for diskriminering.

Barnehagelova seier at oppsedinga i barnehagen skal skje i samsvar med grunnleggande verdier i kristen og humanetisk arv og tradisjon. Føremålsføresegna gjev i tillegg private barnehagar høve til å praktisere særlege føresegner om livssynsformål. Rotset barnehage driv med vid praktisering av den kristne føremålsparagrafen. (jf. vedtektene for barnehagen).


I vår barnehage har vi eit allsidig miljø som ivaretek heile barnet sitt liv og utvikling. Det moralske og religiøse utviklingsområdet blir vektlagt i det pedagogiske arbeidet. I praksis kjem dette til syne gjennom samtale, undring, kristne songar, bibel- og kristne forteljingar. Vi har elles fokus på den kristne budskapen i høgtidene og verdiformidling generelt. Den kristne føremålsparagrafen ligg til grunn heile året uavhengig av tema for perioden. Det vil verte slik at nokre gongar er det meir synleg aktivitet enn andre, som til dømes i høgtider. Føremålsparagrafen inngår altså som ein naturleg del av barnehagen si samla verksemd.

LIVSMEISTRING OG HELSE

I Rotset barnehage skal barna få støtte til å handtere utfordringar, meistre motgang og bli kjende med egne og andre sine kjensler. Vi legg vekt på at både den fysiske og psykiske helsa skal fremjast i vår barnehage. Personalet legg til rette for aktivitetar og opplevingar som skal vere meningsfulle der barna skal oppleve meistring, livsglede og eigenverdi.

Vi er opptekne av å utvikle barna sin emosjonelle kompetanse. Personalet ønsker å gi barna god kunnskap om følelsar, slik at barna klarer å sette ord på egne og andre sine følelsar. Vi støttar barnet i å uttrykke følelsar på ein god måte, samt hjelpe barnet til å regulere følelsar tilpassa ulike sosiale situasjonar. Den emosjonelle kompetansen er ein forløpar for sosial kompetanse.

God tilknytning og gode relasjonar er viktig mellom vaksne og barna i vår barnehage. Tryggleikssirkelen illustrerer korleis dei vaksne i barnehagen er den trygge havna for barn i å utvikle god psykisk helse.



(Cooper, Hoffmann, Marvin og Powell, 1999)

VISJON FOR ARBEIDET I ROTSET BARNEHAGE

"Vi lærer saman i ein meningsfull kvardag"

Visjonen er identiteten og ledestjerna vår. Alle menneske, både store og små, er like verdifulle og barn og vaksne lærer av kvarandre. Visjonen ligg til grunn og legg føringar for korleis vi arbeider i Rotset barnehage.

Vår plattform

Dei vaksne i Rotset barnehage ynskjer å legge til rette for at barna skal oppleve ein trygg og lærerik kvardag gjennom leik. Barn og vaksne skal lære gjennom eiga nyfiskne og trongen til å utforske i eit positivt sosialt samspel. Det pedagogiske arbeidet er bygt på dei kristne grunnverdiane, og vert formidla både i "her og no"-situasjonar og gjennom tilrettelagde aktivitetar. Vi ynskjer å sjå det einskilde barnet og gi det kjensla av å vere i ein fellesskap. Vidare ynskjer vi å gje barna ei oppleving av meistring, og at erfaringane deira skal vere prega av glede og humor.



*" Den vaksne i vår barnehage skal gje barna spanande og lærerike erfaringar, gjennom å gi dei felles opplevingar og bruke ulike leikemetoder»
(Lærarik leik, Rotset bhg.)*

BARNES MEDVERKNAD

"Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet. Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet. Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet". (Lov om barnehager §3)

Rotset barnehage er barna sitt hus. Ei pedagogisk verksemd som har barnet i sentrum. Barnehagen sitt fysiske miljø ber preg av at det er barn som ferdast her. Møblane er små og tilpassa barna sin storleik. Leiker og hyller med ulikt materiell er plassert i barnehøgde, slik at dei sjølve kan initiere leik og aktivitetar utan alltid å måtte spørje om hjelp. Innhaldet på dei ulike romma kan endre seg ut frå kva barna gjev uttrykk for og etter kva tema vi arbeider med gjennom året. Barna medverkar altså i sin skapande kvardag.

Det er viktig at dei vaksne er tydelege og observante i forhold til barna sine uttrykk, og handlar ut frå kva som er til enkeltbarnet og gruppa sitt beste. Dei minste barna på Presteholmen (1-2 år), har ikkje så mykje verbalt språk endå, men dei kan likevel i stor grad gje uttrykk for korleis dei har det og vil ha det.

FELLESSKAP OG VENNSKAP

«Barnehagen skal møte barna med tillit og respekt, og anerkjenne barndommens egenverdi. Den skal bidra til at trivsel og glede i leik og læring, og vere et utfordrende og trygt sted for fellesskap og vennskap. Barnehagen skal fremme demokrati og likestilling og motarbeide alle former for diskriminering». (Lov om barnehager §1, 3.ledd)

Sosial kompetanse handlar om å kunne samhandle positivt med andre i ulike situasjonar. Alle barn skal erfare å vere i positivt samspel med barn og vaksne og få erfare å vere viktige for fellesskapet. Barna er mesteparten av dagen i situasjonar som krev samhandling med andre. I omsorg, leik og læring vil barna sin sosiale kompetanse både bli utfordra, uttrykt og stadfesta gjennom å vise evne til å setje seg inn i andre sin situasjon og vise medkjensle. Vi ønskjer å bidra til at barna utviklar ei positiv sjølvoppfatning, respekt for andre menneske og tryggleik over å høyre til ein stad. I barnehagen jobbar vi kontinuerleg med å støtte og fremje dei sosiale evnene til barna, både individuelt og i grupper. Vi har eit aktivt og tydeleg personale som er gode rollemodellar, og dette er nødvendig for å skape eit godt og inkluderande sosialt miljø. Vi jobbar med forebyggjing av mobbing og krenkingar. At barna utviklar livsmeistring og god helse er grunnleggande i vår barnehage.

OMSORG, LEIK, LÆRING OG DANNING

Omsorg:

I Rotset barnehage er gode relasjonar i høgsetet. Vi har mange å leike med i løpet av ein dag. Barnet skal bli møtt der det er, med anerkjenning for egne kjensler og egne tankar og opplevingar. Vi vaksne skal vere tilstades som en trygg base for barna. Relasjonane mellom barn og vaksne skal vere prega av gjensidig oppleving av respekt for kvarandre. Både barn og vaksne skal ha ei oppleving av at Rotset barnehage er ein trygg og god stad å vere.

Leik:

Leik har ein sentral plass i barnehagedagen. Den er ein del av barnekulturen og den speglar tilhøve som vi finn i oppvekstmiljøet og samfunnet generelt. Leiken er spontan, frivillig, indremotivert og styrt av barnet sjølv. I det sosiale samspelet med andre, møter barna ulike utfordringar. Her handlar det om å gje og ta, samt å kunne inngå kompromiss og finne felles løysingar. Leik er den aktiviteten barn lærer mest av!

Alle vaksne i Rotset barnehage tek leik på alvor. Det å vere fysisk og psykisk tilstades, oppmuntrande og støttande er grunnpilarane for den vaksne sin veremåte i høve til leik hjå oss. Dei vaksne i Rotset barnehage viser til ei kvar tid interesse for det barna leikar. Alle byr på seg sjølv og brukar det kvar enkelt er gode på i høve leiken med barna. Vi dokumenterer læringsprosessane i leik gjennom bl.a. praksisforteljingar og bilete. Dette finn de ofte på skjermene i garderobane, som oppslag på veggane i barnehagen, i permanente til barna og i kommunikasjonsplattforma vår Kidplan.



" Den vaksne i vår barnehage skal utvikle og bruke sin kreativitet og leikekompetanse i barna sin leik, Gjennom å tore å by på seg sjølv og bruke det vi er gode på i leiken med barna"

(Lærerik leik, Rotset bhg.)

Leik er viktig fordi:

- den tek utgangspunkt i barnet sitt behov
- den utviklar barna sin fantasi, språk, tankar og kjensler
- den gjev glede og utfordringar
- den gjev fysisk utfolding
- den lærer barna samhandling
- den gjev moglegheit for bearbeiding
- den gjev trening i konfliktløysing
- den gjev moglegheit for utforsking



Læring:

Barnehagen er for dei fleste det første steget i eit livslangt læringsforløp. Vårt mål er at barna skal oppleve kontinuitet og progresjon i læringsprosessane sine her hjå oss. Læringsmiljøet i Rotset barnehage er utforma på bakgrunn av føringar i rammeplanen, vårt syn på barn og dei vaksne og viktigheita av det fysiske miljøet vi ferdast i.

Syn på barnet:

Vi arbeider ut frå det syn at barna har ei medfødd evne til å utforske og ei ibuande kraft til å finne svar og løyse problem. Dei er nyfikne og kompetente til å utforske. Barn lærer gjennom å forstå og gjere ting sjølve.

Den vaksne:

I barnehagen vår skal dei vaksne gje mykje omsorg og legge til rette for og stimulere slik at barna heile tida tileignar seg ny kunnskap. Barna skal møte vaksne som har tid og er medforskande. Vi legg vekt på at dei vaksne skal vere gode samtalepartnarar med barna. Ved sida av å vere støttespelarar skal dei vaksne til ei kvar tid vise engasjement i høve til kva barnet er interessert i og har behov for.

Det fysiske miljøet:

I barnehagen blir det kontinuerleg arbeid med å skape eit innbydande og utviklande leikemiljø for barna. Dette fordi vi ynskjer å gi barna spanande og lærerike opplevingar. Møblane er tilpassa barna sin storleik og innreiinga elles skal innby til leik og skapande aktivitetar. Romma skal endre seg i takt med det som går føre seg i barnehagen. Vi legg vekt på at leiker og utstyr som barna treng skal vere tilgjengelege og oversiktleg plassert på dei ulike romma og ute på uteområdet.

Danning:

Danning er ein livslang prosess. Vi omtolkar og forandrar bilde av oss sjølv og verden gjennom heile livet. I vår barnehage blir alle barn møtt som dei er. Individuelle uttrykk og handlingar blir verdsett og vi framhevar mangfald og ulikskap i arbeidet med å legge grunnlag for deltaking i eit demokratisk fellesskap.

Vi ser på barn som er subjekt i eigen danningssprosess, men på same tid skal dei vaksne utfordre tenkinga til barnet og bidra til at vi lærar saman i meningsfulle dagar.



INKLUDERANDE SPRÅKMILJØ OG ASK

I barnehagen har vi fokus på å skape eit godt språk- og læringsmiljø for alle barn. Dette er viktig for å bygge trygge og glade barn i eit mangfaldig og inkluderande miljø.

Personalet er brubyggjarar i barns språklæring, og vi nyttar ASK (Alternativ og supplerande kommunikasjon) i samhandling med barn i lek og aktivitetar. Det vil seie at vi i tillegg til verbalspråket nyttar symbol, bilde, konkretar, teikn til tale som ein naturleg del i kvardagen vår.

Bruken av ASK er særst viktig for alle barn med språkvanskar, nedsett funksjonsevne eller andre kommunikasjonsutfordringar. Men ASK er også ei god støtte for alle barns språklæring, då det bidreg til å skape eit inkluderande miljø der alle barn får like moglegheiter til å delta, forstå og bli forstått.

I vår barnehage tilbyr vi gode språklege vekstmoglegheiter for alle barn. Godt arbeid med språkmiljøet viktig, då språket hjelper oss til å forstå oss sjølve og våre omgjevnader. Språket gir oss identitet, fellesskap og kjensle av å høyre til i samfunnet.



BARNEHAGEDAGEN – DAGSRYTME

For å gjere dagen trygg, oversiktleg og føreseieleg for barna har vi ein fast dagsrytme som utgangspunkt for arbeidet. Samstundes er vi opptekne av at det i visse høve også må vere rom for spontanitet og fleksibilitet. I kvardagssituasjonane (vask av hender, stell, måltid og garderobe) har vi fokus på å gje god omsorg og gode erfaringar, slik at den læringa som går føre seg der er positiv.

Slik ser barnehagedagen ut:

Kl.07.15	Barnehagen opnar Velkomst og roleg leik
Kl. 07.15-08.15	Frukost for morgonfuglar (matpakke)
Kl.09.00	Leik og aktivitetar ute eller inne Planlagde aktivitetar og gruppedeling Temaarbeid, turar, baking, forming, leik og liknande. Rydding
Kl. 10.45	1. Måltid
Kl. 12.00	Leik og aktivitetar ute eller inne Kvilestund for dei yngste
Kl. 14.00	2. Måltid Leik og aktivitetar ute eller inne Kvilestund for dei eldste
Kl. 16.15	Rydding før barnehagen stenger
Kl. 16.45	Barnehagen stenger



VÅRE DAGLEGE GJEREMÅL

Nokre situasjonar gjentek seg kvar dag til ca. faste tider, for eksempel måltida, av- og påkledning, rydding osv.

Rutinesituasjonar er med å skape:

OVERSIKT OG TRYGGLEIK, fordi gjentakingar gjer sitt til at barna veit kva ein barnehagedag inneheld.

GODE VANER, handvask før mat, etter toalettbesøk, rydde etter lek m.m.

SJØLVSTENDE, barna får den tida dei treng i situasjonane, slik at dei kan få moglegheit til å meistre sjølv.

TIDSOMGREP, gjennom stadige gjentakingar får barna ei oppfatning av tid, som til dømes» før vi et mat", "etter utetid" osv.



Rutinesituasjonane er gode læringssituasjonar for barna. Den gjensidige kontakta som oppstår mellom barn og vaksne, gjev situasjonen stor verdi, med mykje omsorg.

GREIT Å VITE

OPNINGSTIDER

Barnehagen er open måndag til fredag frå kl. 07.15 - 16.45. Vi ønskjer å ha samla gruppe frå kl.09.30 - 14.00. Arbeid med tema, tur og dei organiserte aktivitetane skjer innanfor dette tidsrommet. Om barnet av ulike grunnar ikkje kjem til barnehagen, er det fint om de kan gje melding til oss innan kl.9.00. Vi er mange som ventar på kvarandre.

NB: Barnehagen stengjer kl 16.45, hugs å rekne tid til påkledning, rydding og handvask.
For sein henting blir det ilagt eit gebyr på kr. 150,- pr. 15.minutt.

HENTING OG BRINGING

Den daglege kontakta med personalet er særskild viktig for barnet sitt tilhøve til barnehagen. Alle barn skal så langt som råd møtast i garderoben. Om dette ikkje skjer så følg barnet inn i barnehagen og ta kontakt med ein vaksen før du går. Etter kl.900 følger foreldra barnet inn i barnehagen.

I hentesituasjonen må foreldra alltid hugse å seie frå til ein av personalet når dei tek med seg barnet heim. Om barnet skal hentast av nokon som til vanleg ikkje hentar det, skal personalet ha beskjed om dette. Personalet har ansvar for barna når dei er i barnehagen utan foreldra. Men når foreldra er i barnehagen, ved for eksempel henting og bringing og sosiale arrangement som foreldrekafe o.l. er det foreldra som har ansvaret for barna sine.

Hugs å lat att porten etter levering og henting.

EIGNE LEIKER

Av omsyn til sikkerheit og fokus på dei aktivitetane vi har i barnehagen, vil vi ikkje at barna tek med eigne leiker til barnehagen. Treng barnet ein kosebamse og liknande som tryggleik i tilvenning og sovetid kan de sjølvsagt ha med det.

MÅLTID

Vi har to faste måltid i barnehagen basert på Helsedirektoratet sine føringar for måltid i barnehagen [* Mat og måltider i barnehagen, Helsedirektoratet.](#)

Vi har kjøkkenassistent som lagar til sunne og gode brødmåltid med heimebaka brød ilag med sunt og variert pålegg. I tillegg får barna servert frukt og grønnsaker, samt mjølk og vatn til kvart måltid. Vi startar og avsluttar måltidet med bordvers. To dagar i veka lagar vi eit varmt måltid. I garderoben blir det hengt opp ei oversikt over kva mat som

er i barnehagen kvar veke. Om barnet ditt treng alternativ mat på grunn av allergiar eller liknande, ta kontakt med personalet.

Frukost:

Om barnet ikkje har ete frukost heime, så tek barnet med matpakke heimanfrå. Drikke får dei i barnehagen. Frukost i barnehagen er i tidsrommet 715-815. Vidare tilrettelegging for frukost avklarar de med personalet den aktuelle dagen.

BURSDAGSFEIRING

Vi markerer bursdagen til alle barna. Bursdagsbarnet får på fin krone, bursdagskappe og vi syng bursdagssong. Barnet er midtpunkt i samlinga den dagen. Bordet er pynta med flagg og lys. Etter måltidet får barnet velge om det vil dele ut ein liten is laga av smootie- eller juice, fruktfat eller bær ilag med yoghurt.



KLEDE I BARNEHAGEN

Barna må til ei kvar tid ha liggande minst eit klesskift som består av:

- | | | |
|----------|----------------------|---------|
| - truse | - longs/strømpebukse | - bukse |
| - sokkar | - tynn/tjukk genser | - trøye |

Foreldra er ansvarlege for kva som er i barnehagen til ei kvar tid. De må følgje med kva som manglar i hyller/korger til barnet dykkar. Personalet gjev beskjed om ting som manglar dersom dei ser det.

Dei som brukar bleier må alltid ha bleier liggande i barnehagen. Når de får med våte klede heim, hugs å ta med nytt skift til barnehagen. Dette er foreldra sitt ansvar å passe på. Regnkledde og støvlar må også alltid vere i barnehagen. Vi er ute i all slags ver. Så det er viktig at de sjekkar kleda med jamne mellomrom og tek dei med heim til vask når det treng.

MERKING AV KLEDE

Alle klede som barna bruker i barnehagen skal merkast. Dette gjeld også skotøy, sokkar (og smokkar!)

SJUKDOM/FRÅVER

Når barnet er sjukt eller sterkt forkjøla, skal det haldast heime. Dette både på grunn av smittefaren og fordi det er slitsamt for barna å vere i barnehagen når dei ikkje er i form. For å vere i barnehagen, skal barnet vere friskt nok til å vere ute. Dersom eit barn blir sjukt i løpet av dagen, kontaktar vi foreldra. Barna kan kome tilbake til barnehagen når allmenntilstanden er god, sjølv om det har restsymptom med litt hoste og rennande nase. Kontakt barnehagen om du er usikker i høve sjukdom og fråvær. Viser vidare til Folkehelseinstituttet(FHI) sin retningslinjer. Desse finn de på nett eller informasjon om i barnehagen.

Ved oppkast og omgangssjuka skal barnet ha **to friske dagar (48 timar)** heime før det kjem i barnehagen (jf. føringar frå FHI).

INFORMASJON

Det meste av informasjonen finn de på heimesida til barnehagen rotset.barnehage.no. Vi brukar kommunikasjonsløysinga Kidplan som skal gjere det enklare for dykk å følgje med på det som skjer i barnehagen. Her kan de sende beskjedar til barnehagen, sjå bilder og følgje med på vekeplanen. De kan også registrere ferie og anna fråvær. Ved sjukdom første dag, så ønsjer vi at de ringer barnehagen, slik at vi kan følgje opp og avklare vidare kva som er det beste for barnet. Alle føresette kan laste ned appen Kidplan for å få direkte tilgang til kommunikasjonsløysinga. I tillegg så avklarar vi ting i hente-og bringesituasjon og gjennom oppslag på tavlene i garderobane.

PLANLEGGINGSDAGAR

Rotset barnehage har gjennom eit barnehageår 5 planleggingsdagar. På desse dagane er barnehagen stengt for barna, og personalet brukar dagane til kurs og planlegging. Planleggingsdagar for året er 14.08, 15.08, 22.10, 18.03, 15.05. Datoane finn de også på barnehagen si heimeside, i Kidplan og oppslag i garderobane.

TEIEPLIKT

Personalet i barnehagen har teieplikt om det dei gjennom arbeidet får vite om privatpersonar og vedkomande sitt tilhøve til barnehagen. Dette gjeld også studentar, vikarar, medlemmar i styre og samarbeidsutval og eventuelle andre som er i barnehagen.

SAMARBEID MED HEIMEN

Vi i personalet ynskjer å ha eit godt og tillitsfullt samarbeid med foreldra, og at vi saman heile tida handlar ut frå kva som er til det beste for barnet. Foreldre har hovudansvaret for oppseding og omsorg. Barnehagen skal drivast i nær forståing og samarbeid med heimen. Samarbeidet vert utøvd gjennom dagleg kontakt, foreldresamtalar, foreldremøter, møte i styret og samarbeidsutvalet og på dugnader.



Foreldremøte

Dette møtet er for alle foreldre og blir halde ved oppstart av nytt barnehageår. Her blir det pedagogiske arbeidet presentert og diskutert. Vi utarbeider målsetjingar for barnehagen og diskuterer aktuelle tema. Det blir også moglegheit til å ta opp spørsmål som foreldra måtte ha.

Eit foreldremøte kan også innehalde føredrag for alle foreldre, der vi kan få inn ulike føredragshaldarar utanfrå barnehagen. Det kan handle om ulike tema som foreldra ønskjer å få meir kunnskap om eller som personalet ynskjer å setje fokus på. Det er ikkje sett av faste kveldar for dette i år . Informasjon og invitasjon til møte blir sendt ut god tid i forkant.

Foreldresamtalar 2 gongar i året

Dette er ein individuell samtale kring barnet sin trivsel og utvikling. Om foreldra eller personalet har ynskje om eller behov for det kan det haldast fleire samtalar i løpet av året.

Andre arrangement og festar

Dette kan vere uformelle samankomstar og koselege stunder ilag som t.d. foreldrekaffi. Barnehagen inviterer også til større arrangement som advent- og sommarfest i barnehagen.

Dugnad

Det blir forventa at foreldra stiller opp på dugnader i barnehagen. Sidan barnehagen er eigd og driven av foreldra, ligg det eit stort ansvar på dei når det gjeld vedlikehald og opprusting av barnehagen. (jf. § 10 i vedtektene for barnehagen).



*“ Den vaksne i vår barnehage skal plassere seg der barna er
- tilgjengeleg, gjennom å vere fysisk og psykisk tilstades og plassere seg rundt på dei ulike roma”
(Lærerek leik, Rotset bhg.)*



OVERGONGAR FOR BARNA

I barnehagen vil vi leggje til rette for gode overgangar, dette vil for oss vere når barnet begynner i barnehagen, skiftar base og overgangen mellom barnehage og skule. Før oppstart legg vi til rette for at foreldre og barn skal bli kjende med barnehagen. Vi vil tilby besøksdag, oppstartssamtale og eit foreldremøte for nye familiar.

Når barnet skal skifte base vil dette kommuniserast til foreldre og barn i god tid. Barna er her delaktig med å flytte klede og utstyr til den nye garderobeplassen sin. Vår driftsform er med å fremje at denne overgangen kan gå lettare enn om barna var på avskilte avdelingar. Barna har kjennskap til dei ulike roma i barnehagen frå tidlegare og har også relasjonar med barn og vaksne på tvers av basane.

Når det nærmar seg skulestart vil vi invitere til eit foreldremøte for gjennomgang barnehageavsluttande aktivitetar og informasjon om rutine for overgang til skulen. Foreldre vil også få tilbod om ein foreldresamtale som vil omhandle informasjon som kan overførast om barnet til skulen.

STYRING OG SAMARBEID

STYRET

- Består av 4 representantar frå foreldra og styrar i barnehagen.
- Styret har ansvar for drifta av barnehagen i samsvar med dei gjeldande lover, vedtekter og årsmøtevedtak. Viser vidare til Selskapsvedtektene for barnehagen.

Barnehageåret 2025/2026:

Elise Mundal, foreldre, styreleiar, mundalelise@gmail.com

Marita Hatlemark Berge, foreldre, marita.hatlemark@gmail.com

Kim Vangen, foreldre, kimvangen9@gmail.com

Tonje Urkegjerd, foreldre, tonje_urke@hotmail.com

Mari Aarflot, foreldre (vara), mari_aarflot@hotmail.com

Signe Moldskred, styrar, signe@rotsetbarnehage.no

FORELDRERÅD § 4 i Lov om barnehager

- Består av alle foreldre/føresette i barnehagen.
- Foreldrerådet skal fremje fellesinteressene til foreldra og verke til at samarbeidet mellom dei tilsette og foreldregruppaa er med på å skape eit godt barnehagemiljø.
- Foreldrerådet har normalt møte to gongar i året. Rådet har rett til å uttale seg før avgjersler blir tekne, men har i motsetnad til styret ikkje eigen vedtaksmynde. Vedtaksmynde får medlemmane først når dei er samla til årsmøte.

SAMARBEIDSUTVAL (SU) § 4 i Lov om barnehager:

- Samarbeidsutvalet består av 2 representantar frå foreldre, 2 tilsette, eigars representant og styrar i barnehagen..
- Utvalet er eit rådgivande, kontaktskapande og samordnande organ. SU skal arbeide for å fremje samarbeidet mellom barnehagen og heimane. Utvalet skal bl.a. godkjenne årsplan og planlegge dugnader.

Barnehageåret 2025/2026:

Anne Marta Brenne, foreldre, annemarta.brenne@gmail.com

Inghild Lillebø-Voll, foreldre, inghildlillebo@gmail.com

Idun Bergem Lia, foreldre (vara), idunblia@gmail.com

Elise Mundal, eigars representant-foreldre, mundalelise@gmail.com

Hege Brenne, personal, hege.brenne@365.rotsetbarnehage.no

Torstein Eikill, personal, torsteineikill@msn.com

Karin Sætre Drabløs, personal (vara), karin.drablos.satre@365.rotsetbarnehage.no

Signe Moldskred, styrar signe@rotsetbarnehage.no

BARNEHAGEN SINE FAGLEGE SAMARBEIDSPARTNARAR

Pedagogisk - psykologisk teneste (PPT)

Alle kommunar er pålagde å ha ein pedagogisk- psykologisk teneste. Denne tenesta skal hjelpe barn i barnehagen og deira føresette når det er behov for særskild hjelp og støtte. Hjelpa kan omfatte foreldrerettleiing, trenings- og stimuleringstiltak, og rettleiing av barnehagepersonalet.

Vi gjer merksam på at personalet ikkje kan ta opp problem med namngjevne barn med PP- tenesta utan samtykke frå foreldra.

Helsestasjon

Barnehagen kontaktar helsestasjon om behov. (Samarbeid om barn med spesielle behov, samarbeid ved epidemiar og i høve til helse og hygiene i barnehagen).

Logoped

Logopeden utredar og jobbar med barn som har ulike former for kommunikasjonsvanskar som t.d. vanskar med stemme, språk og talevanskar.

Tverrfagleg samhandlingsgruppe (BTI) for barnehage og skule

Barnehagen møter 4 gonger i året med PPT, Barnevern, Helsestasjon og koordinator støttetiltak barnehage i Volda. BTI skal sikre at fleire fagområder samarbeider for å sikre at barn og unge får eit heilskapeleg og godt tilbod så tidleg som råd.

Spesialpedagog

Ein spesialpedagog støttar og legg til rette for gode læringsvilkår for barn som har særskilte læringsbehov.

Barnevernet

I følge lov om barnevern har alle barnehagar meldeplikt når det er mistanke om omsorgssvikt og barnemishandling.

Grunnskulen

Samarbeid mellom barnehage og skule i overgang frå barnehage til skulen.

Høgskulen i Volda

Rotset barnehage har inngått avtale med Høgskulen om praksisopplæring for barnehagelærarstudentar.

ORD TIL ETTERTANKE

LIVETS LÆRE

Av Dorothy Low Nolte

Barn som er vant med spydigheter,
lærer å bli usikre.

Barn som er vant til kritikk,
lærer seg til å fordømme.

Barn som er vant til mistillit,
lærer å fare med fusk.

Barn som er vant til motvilje,
lærer seg å hate.

Barn som er vant til hengivenhet
lærer å bli glad i andre.

Barn som er vant med oppmuntring,
lærer å vise tillit.

Barn som er vant til oppriktighet,
lærer å sjelne sanning fra løgn.

Barn som er vant til ros,
lærer å påskjønne andre.

Barn som er vant til hjelpsomhet,
lærer å vise omtanke.

Barn som er vant til lesing,
lærer seg å tenke.

Barn som er vant med tålmodighet,
lærer seg å vise forståelse.

Barn som er vant til lykke,
vil finne kjærlighet og skjønnhet.

VI ER EIN BARNEHAGE MED EIT PERSONALE SOM GJERNE
VIL AT ALLE SKAL TRIVAST HER - VI ØNSKJER Å GI EIT
LIKEVERDIG TILBOD AV GOD KVALITET TIL ALLE BARN OG
FORELDRE!

TA KONTAKT DERSOM DET ER NOKO DE SYNES VI KAN BLI
BETRE PÅ!

VI TEK GJERNE IMOT BÅDE RIS OG ROS



Rotset barnehage
Bømarka 1
6100 Volda

Telefon: 700 78960
Tast 1: Avdeling
Tast 2: Kontor

E- post: signe@rotsetbarnehage.no